

# Lovar og reglar for Stranda småbåtlag

## datert 27.03.2022.

§1. Namnet på laget er Stranda Småbåtlag. Den viktigaste oppgåva til laget er å byggje ut og forbetre hamna i Hagevika, og arbeide for eit triveleg miljø for medlemmane.

§2. Laget vert leia av eit styre på 5 medlemmar og 2 varamedlemmar som vert vald av årsmøtet. Leiaren vert vald av årsmøtet. Styret konstituerer seg sjølv med nestleiar, kasserer og sekretær. Under styret kan ein ha valde komitear med spesifiserte oppgåver.

§3. Styret tek seg av alle lagssaker:

- Laget sin økonomi, budsjett og rekneskap.
- Føre møteprotokoll og skrive årsmelding.
- Kalle inn til medlemsmøte og årsmøte.
- Heimeside og lagsinformasjon.
- Handsame saker som vert teke opp av medlemmane.

Styret har møte så ofte som leiaren finn naudsynt. Medlemmar av underkomitear kan kallast inn til styremøte, men utan røysterett. Styret er vedtaksfør når minst 3 medlemmar er til stades. Ved likt stemmetal har leiaren dobbeltstemme.

§ 4. Årsmøte vert halde kvart år i mars månad. Innkallinga skal skje med 14 dagars varsel.

Årsmøtet kan ikkje handsame saker som ikkje er teke med i innkallinga. Årsmøtevedtak vert fatta med allminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap har leiaren dobbeltstemme. Forslag om lovending må ha 2/3 fleirtal. Ved endring av lova, skal heile lova, påførd dato og med endringsforslag, leggjast samla fram til handsaming. Dette er for å sikre at det aldri er tvil om kva for eit lovsett som gjeld. Saker til Årsmøte må være levert skriftleg til styret innan 15. Februar.

Årsmøtesaker:

1. Godkjenning av innkallinga og saksliste.
2. Val av møteleiar og referent.
3. Val av 2 møtedeltakarar til å skrive under protokollen.
4. Årsmelding.
5. Rekneskap med revisjonsmelding for siste kalenderår.
6. Forslag innlevert til, og handsama av styret innan fristen.
7. Endringar av årskontingenten, satsar for døgnleige for gjestebåtar, slippleige, nytte av straum, nytte av sanitæranlegg, parkering av båthengar med eller utan båt, dieselpriis med påslag og andre tenester laget kan levere og ta betaling for.
8. Timepris for utført arbeid i inneverande år.
9. Budsjett.
10. Kurs på obligasjonar skal handsamast annakvart år.
11. Val:
  - a. Leiar skal veljast ved særskilt val for eitt år.
  - b. 4 styremedlemmar vert valde for to år, slik at to står på val kvart år.
  - c. 2 varamedlemmar til styret vert valde for to år, slik at ein står på val kvart år.
  - d. Hamnekornite på 2 medlemmar vert valde for to år slik at ein står på val kvart år.
  - e. 2 revisorar vert valde for to år, slik at ein står på val kvart år.
  - f. Valkornite på 2 medlemmar vert valde for to år, slik at ein står på val kvart år.

\$5. Årskontingent og hamneleige skal betalast innan 15. mai. Slippleige, nytte av straum og rampe vert fakturert i inneverande år. Dersom eit medlem ikkje har betalt for det siste året, eller med åtfërda si er til skade for laget eller ikkje rettar seg etter lovar og hamnereglement, kan styret ekskludere vedkomande som medlem. Slik avgjerd kan ikkje klagast inn for årsmøtet. Dersom eit ekskludert medlem har gjeld til laget, kan denne trekkjast tilbake ved innløyising av obligasjonen.

\$6. Leiaren av Stranda småbåtlag kan etter styrevedtak underskrive kontrakt på vegne av laget.

\$ 7. Styret kan om det finn det naudsynt, eller etter krav frå minst 15 medlemmar, kalle inn til ekstraordinært årsmøte. Innkallinga skal sendast med 8 dagars varsel. Ekstraordinært årsmøte handsamar kun dei sakene som er nemnt i innkallinga.

§ 8. Søknad om medlemskap i Stranda småbåtlag skal sendast skriftleg til styret. Nye medlemmar skal kjøpe obligasjon, og pliktar gjennom det å rette seg etter laget sine lovar og reglement. Utmelding skal skje ved skriftleg melding til styret. Ved opptak av nye medlemmer og salg av obligasjonar skal søkjarar med fast bustadadresse 6200 Stranda ha fortrinnsrett.

§ 9 Stranda småbåtlag kan utføre Årsmøte på epost eller anna digital plattform dersom dette er nødvendig. Det er då kun avlagte stemmer som er teljande.

§ 10. Obligasjon/medlemskap kan overtakast av ektefelle, samboer, barn og barnebarn. Ei overføring til nærmaste familie kan gjerast utan godkjenning frå styret, men det må varslast om kven som skal stå som ny obligasjonseigar»

§ 11. Obligasjonen og tilknytt rett til båtplass kan ikkje overdragast til andre utenfor familien utan at styret i Stranda småbåtlag først har fått tilbod om innløyasing til dagens kurs. Innløyasinga må gjennomførast seinast 3 månader etter at skriftleg tilbod er motteke.

§ 12. Vedtak om oppløysing av laget kan gjerast av årsmøtet når minst 50% av medlemmane er til stades. Vedtak om oppløysing krev 3/4 fleirtal av årsmøtet. Medlemmar som ikkje har høve til å møte, kan levere skriftleg stemme til styret på førehand. Etter vedtak om oppløysing handsamar årsmøtet forslaget frå styret til praktisk gjennomføring av oppløysinga, mellom anna avhending av eigedom. Vedtak om dette gjer årsmøtet med allminnelig fleirtal.